

Ut på tur-aldri sur

Mange turstigar i Gol er godt rydda og merka. I denne faldaren finn du omtale av 16 turar. Dei fleste er rundturar, og gjort unna på 2-3 timar i familietempo.

Turane har relativt stor høgdeskilnad. Dei fleste går opp dalsidene kring Gol sentrum, og opp på toppar eller utkikkspunkt. Utsikt er det ingen ting å seie på. Tre av turane er sykkelturar.



GOL
HALLINGDAL



Frå toppen av skiheisen. Hit er det lett å ta seg opp, og det er fin utsikt både mot Gol og innover mot Hemsedal.

1. Skiheistoppen

Utgangspunktet for turen er Gol Skisenter.

Med bil: T.h. frå Skysstasjonen. Køyr r.v. 52 i retning Hemsedal. Fylg skilt til Gol Skisenter.

Til fots: T.h. frå Skysstasjonen. T.h. etter Heslabrua. Ta gjerne ein avstikkar til Heslafossen der du m.a. finn eit gammalt kraftverk og vassinnstallasjonar. Gå deretter opp Møllebakken, kryss r.v. 52 og gå opp forbi Gol kyrkje, og vidare til Gol Skisenter.

Turen tek 2 timar. Ved Gol Skisenter går ein opp slalåmløypa. Her er det hyggelege beitedyr som er glade i selskap. Ved toppen av skiheisen er det utsyn over Gol og toppane ikring, likeeins flott utsyn mot Skogshorn andre vegen. Nedatt følgjer vi den gamle stigen frå Skaraåsen (merka) og ned til Farset. Ein avstikkar ut på Farsetberget er ikkje å forakte, men gå nedanfor eidedomen som ligg utpå stupet.

Vidare nedover er det fleire alternativ. Anten attende og vidare nedover den merka stigen, eller i skogen langs den stupbratte fjellveggen. Ved foten av Farsetberget er det ei fjellhole, Tjuvkjellaren. Denne kan ein krype inn i. Det knyter seg litt bygdehistorie til hola.

Litt lengre nede kjem ein inn på stigen att, og denne følgjer ein så ned forbi Gol Bygdemuseum.

2. Gro

Utgangspunkt for turen er Rotneim.

Med bil: Th. frå Skysstasjonen. Køyr r.v. 7 i retning Geilo. Etter omlag 5 km kjem ein til Rotneim. Parker her. Dette er ingen rundtur, og bilen må hentast seinare.

Til fots/sykkel: Th. frå Skysstasjonen. Gangveg langs r.v. 7 i retning Geilo. Etter omlag 5 km kjem ein til Rotneim.

Turen tek tre timar inkl. matpause. Stigen går opp frå r.v. 7. 50 m. vest for vegkrysset, fyrst på ein privat grusveg. Opp frå Rotneim er det god stig som er godt merka. Det er bratt, men stigen er lagt godt i terrenget, delvis også mura opp. Vi går forbi den nedlagte garden Ursdalen, vidare forbi Breidekko. Vel oppe bør ein rusle ut på pynten. Her er det utsyn ned til Rotneim, og det er upåklageleg utsyn til Gol. Nedatt ruslar vi forbi garden Gjøta og vidare nedover mot Tuppeskogen. Det er her ein brei, opparbeidd stig (ikkje merka) Ein kjem så ned på ein skogsveg. Denne fylgjer ein til fyrste sving. Her tek ein inn på ein ny skogsveg. I forlenginga av denne går det ein smal stig eit par hundre meter før det er ny skogsveg att. Så kjem ein inn på Skara-åsvegen, før ein tek av denne og fylgjer merka stig forbi Gol Bygdemuseum. Her kan ein så gå ned merka stig til sentrum att. (sjå tur 7)



Grov er for det meste ei fråflytta grend, og mange av husa står til nedfalls. Utsynet oppover Hallingdal er det ingen ting å seie på.



Utsyn mot Gol stavkyrkje og Gol sentrum.

3. Sykkeltur Gol på langs Vermefoss- Svenkerud

Utgangspunkt for sykkelturen er Gol Skysstasjon. Sykle t.h. frå Skysstasjonen. Følg r.v. 7 mot Geilo.

Dette er ein sykkeltur på ca 30 km i lett terreng, halvparten på skogsveg, halvparten på asfalt.

Nokre km langs riksvegen har ikkje eigen sykkelveg. Vi sykklar vestover frå Gol sentrum langs r.v. 7. Etter Rotneim ved Vermefoss bru kryssar vi elva og sykklar heimover att. Her er det skogsveg med brukbar og dels god standard. Vi sykklar forbi gardane Moen og Slåtten. Nokre hundre meter etter Slåtten blir vegen svært dårleg. Her er det også unnabakke. Eit par plassar her er det fin utsikt både mot Gol sentrum og oppover dalen. Ein køyrer så forbi Gol Motor & Fritidspark og Gol stasjon. Vidare følgjer vi bygdevegen søraustover gjennom Herad og Engene. Her er det god grusveg. Ved garden Vetlehølen kryssar vi kommunegrensa. På Svenkerud kjem vi innatt på riksvegen. Her blir det svak men jamn stigning på asfalt opp til Gol att. Turen kan gjerast kortare ved behov. Det er bru over elva mange stader.

4. Dugurdsnatten

Utgangspunkt for turen er Gol Stasjon.

Med bil: T.v. frå Skystasjonen. Kjør sentrumsvegen og ta av til Gol Stasjon.

Parker her.

Til fots/sykkel: Som med bil.

Turen opp er relativt langtekkeleg i uspenninge skogsterreng. Turen tek tre timar inkl matpause. Gå forbi Gol Motor & Fritidspark vest for stasjonen. Følg først ein skogsveg, deretter er det stig merka Dugurdsnatten. Det stig jamt heile tida, men utsikt får ein ikkje før ein er oppe. Då er utsikten upåklagleg. Gol sentrum i framgrunnen og Hemsedalsfjella i bakgrunnen, er eit flott syn.

Vil ein ha ein litt lengre tur, kan ein følgje merka stig bak høgdene og vidare vestover mot Mjelhovd. Er ein framleis ivrig, kan ein ta seg vidare vestover mot Benketjern og Benkejuvet. Her er det merka stig ned til Mobraua. Deretter følgjer ein skogsveg til Gol Stasjon (som tur 3) Naturen oppå åsen her er så og seie heilt urørt. Eit par hytter er det einaste.



På Dugurdsnatten får ein utsikt som løn for strev, etter ein lite spanande tur i bratt skogsli.



Utsyn frå Veikulnatten mot Hemsedalsfjella i nordvest.

5. Veikulnatten

Utgangspunkt for turen er Gol Hyttegrend.

Med bil: T.v. frå Skysstasjonen. Kjør r.v. 7 i retning Oslo. Etter omlag 4 km, like etter Herad kyrkje, tek ein av t.v. mot Bagn. Vegen stig bratt oppover.

Følg skilt til Gol Hyttegrend. Parker her.

Turen tek tre timar inkl. matpause. Gå grusvegen søraustover frå Gol Hyttegrend og følg denne vegen ca 1,2 km. Ta så opp t.v. ved småbruket Viddi på ein godt merka stig i eit spanande terreng. Det stig ikkje særleg mykje, men det er bratt ned. Vi går forbi hustuftene på Trollset før det stig opp mot Veikulstølane. Stigen er godt merka opp på Veikulnatten. Her ser ein vidt og breitt! Nedatt går vi litt attende før vi tek stigen nedover mot Grangard. Eit stykke nedi er det veg til Skardet. Denne skogsvegen er merka med skilt, men sjølve vegen er umerka. Vel nede på bilvegen, går vi attende om lag 500 m til Gol Hyttegrend.

For dei som ynskjer ein litt større tur, kan det vera ein god ide å starte ved Danielsplassen nede ved riksvegen. Her er det merka stig som er svært bratt opp mot småbruka Viddi og Uthalli.

Ein kan også fylgje ei traktorslepe via Svartedalen og ha Svalstuen som utgangspunkt. Turen tek om lag to timar. Her går det også an å bruke sykkel, dersom ein er glad i å sykle i motbakkar på dårleg veg.

6. Sykkeltur til Grov

Utgangspunkt for sykkelturen er Gol Skysstasjon. Sykle t.h frå Skysstasjonen.

Turen tek tre timar inkl matpause. Det er dels asfalt dels grusveg med god og mindre god standard. Det er mykje høgdeskilnad, så ha gode og pålitelege bremsar! Følg gangveg langs r.v. 52. Ta av i fyrste kryss og fylg skilt mot Hallingdal Folkehøgskule. Ein sykklar så langt det er gangveg. Ta t.h. mot folkehøgskulen, deretter fyrste veg t.v. og opp Skaraåsvegen. Her er det mykje oppoverbakke! Undervegs kan ein gjera avstikkarar til utsikten på Farsetberget (sjå tur 1) og til toppen av skiheisen. Når ein vel er oppe på Skaradn, er det flott utsyn mot Gol. Ein sykklar vestover langs høgdena, før ein kjem fram til Flatagrov, litt seinare Grov. Like før Flatagrov bør ein ta ein avstikkar på den merka stigen som går ned til Rotneim. Utpå pynten er det god utsikt mot Gol. (sjå tur 2)

Grov er ei grend som i dag stort sett er fråflytta. Nokre av husa står enno, m.a. det gamle skulehuset. Når ein er i området, bør ein også ta ein avstikkar og sykle bort og kike på Finnesgarden, ein storgard også i dag. Vegen nedatt er bratt. Ved Bråten på Rotneim er ein på riksvegen att. Då er det lett og fin sykkelveg mot Gol.



Etter bratte bakkar opp blir det flott utsyn over Gol.



15. Golsfjellet aust - Ørterhovda

16. Golsfjellet rundt på sykkel

8. Lisbetnuten

Leira Pageines

13. Nystølvarden frå nord

14. Nystølvarden frå sør

5. Veikulnatten

12. Sykkeltur frå Garnås gjennom Flatdalen

dsnatten

Nesbyen





Syningen (1047) er ein liten topp inne på Skaraåsen. Som namnet tilseier, er det god utsikt til alle kantar.

7. Skaraåsen

Utgangspunkt for turen er toppen av skiheisen.

Med bil: T.h. ved Skysstasjonen. Fylg r.v. 52. Ta av i fyrste kryss og fylg deretter skilt mot Hallingdal Folkehøgskule. Etter 1 km ta t.h. mot folkehøgskulen. Ta deretter fyrste veg t.v. og opp Skaraåsvegen (NB! Her er det bomveg, så ha med pengar) Like før ein er oppe er det plass for parkering.

Til fots: T.h. frå Skysstasjonen. Gangveg langs r.v. 52. Gå rett fram i fyrste kryss og fylg skilt til Hallingdal Folkehøgskule. Etter om lag 500 m. gå t.h.

Golbergsgutu ca 500 m. Fylg deretter merka stig opp og forbi folkehøgskulen. Her ifrå er stigen merka Skaraåsen.

Turen tek i overkant av tre timar inkl matpause. Fylg merka stig mot Habbeset. Ein fylgjer stigen opp forbi skiheistoppen og vidare innover Skaraåsen. Det er godt merka stig i lett terreng. Ein går forbi stølen Feten. Ved Habbeset er det fint utsyn mot Hemsedal. Ein går så attende til Feten. Her kan ein ta av og fylgje ein ny stig forbi Fagerdalen. Etter ein stund kjem denne stigen inn på den fyrste stigen att, og ein fylgjer denne nedatt. Turen kan lett utvidast ved å leggje han om Syningen, ein markert liten topp lengre vest. Også hit er det godt merka stig.

8. Lisbetnuten

Utgangspunktet for turen er Gol Bakeri.

Med bil: T.v. ved Skysstasjonen. Kjør sentrumsvegen ned til Gol Bakeri.

Parker her.

Til fots: Som med bil.

Turen tek to og ein halv time inkl. matpause. Gå opp Robølevegen, rett vest for Gol Bakeri. Følg denne oppover. Ta så av t.h. opp merka stig til Vindfallet. Fyrst er det stig forbi uteanlegget til E-CO Vannkraft, deretter skogsveg, deretter stig igjen. Det er lett stigning i skogsterreng det meste av vegen. Mot toppen stig det meir. Vel ute på Lisbetnuten er det flott utsyn over Gol med Hallingskarvet i bakgrunnen. Nedatt er det bratt stig i byrjinga. Ein kjem ned ved enden av Robølevegen. Følg denne ned att til utgangspunktet.



Lisbetnuten ligg rett opp for Gol sentrum.



Buksebrune er ein kopi av ei gamal bru som sto på same staden.

9. Buksebrune

Utgangspunkt for turen er Gol Samfunnshus.

Med bil: T.h. ved skysstasjonen. Fyrste veg t.h. Følg skilt til Gol Samfunnshus.

Parker her.

Til fots: Som med bil .

Turen tek godt tre timar inkl. matpause. Gå Svøvegen til fyrste sving. Følg deretter merka stig til Renslo. Vi går den gamle stigen og opp til Åsgardane skule, og vidare oppover. Ein følgjer så gardsvegen til Berg og umerka stig vidare nordover. Eit stykke bort i skogen er det skogsvegar som kryssar seg nedover til ein skogsbilveg. Følg denne eit stykke vidare nordover. Så kan ein ta seg ned langs Kollbekken til Gjesthus. Her ligg Buksebrune. Den er vel verd eit syn der ho ligg høgt over Hemsila. Brua er ein kopi av ei gamal bru som sto på same staden før. Ein kan no rusle nedover langs grenda-vegen og inn på r.v. 51, eller ein kan ta seg over brua og opp til Øygardane. Ved å følgje riksvegen nokre hundre meter nordover, kan ein ta av og følgje Søre Øygardsveg til Gol kyrkje. Frå kyrkja er det merka veg ned til Gol sentrum att. (sjå tur 1)

10. Roskaret

Utgangspunkt for turen er butikken på Robru.

Med bil: T.h. ved skysstasjonen. Følg r.v. 52 i retning Hemsedal. Kjør til Robru. Parker her.

Med sykkel: T.h. ved skysstasjonen. R.v. 51 i retning Fagernes. Ta av frå riksvegen og følg sykkelløype mot Hemsedal. Følg denne mot Robru. Ca 500 m før Robru er utgangspunkt for turen.

Turen opp tek om lag to timar. Dette er ein lett tur med slakk stigning i skogsterreng. Gå over den gamle brua og følg grusveg mot Gol ca 500 m. Ta av og følg ein gardsveg som går opp ved gardsbruket Bakken. Denne gardsvegen går over i ein tømmerveg, som etter kvart blir ein stig som slyngar seg oppover dalsida. Ein kryssar fylkesvegen og følgjer stig skilta Tunnetjern. Fyrst følgjer vi ei traktorslepe, deretter er det vanleg stig. Roskaret er eit idyllisk småbruk, langt frå næraste nabo. Sjølv om småbruket ligg inni skogen, er det utsyn både mot Grønlio og Hemsedal. Bruket er nedlagt. Eit par hundre meter lengre inn ligg Vesle Jørsna, eit triveleg lite vatn.

Det kan også lett lagast ein rundtur. Ein kan då gå langs Vesle Jørsna og deretter langs eit myrdrag til ein kjem til ein ny stig. Denne er ikkje merka. Denne stigen går over i ein traktorveg som ein kan fylgje ned til fylkesvegen att. Ynskjer ein ein kortare ut, kan ein ta utgangspunkt i fylkesvegen mellom Robru og Rustebrenna. Kjør frå Robru i retning Golsfjellet vest. Ta t.h i fyrste kryss i retning Rustebrenna og køyr ca 1 km, dit stigen kryssar fylkesvegen.



Roskaret er eit idyllisk lite småbruk langt inne i skogen



Magnetunberget ligg rett opp for Robru. Det er fin utsikt både mot Hemsedal og Gol.

11. Robru-Magnetunberget

Utgangspunkt for turen er butikken på Robru.

Med bil: Som tur 10.

Med sykkel: Som tur 10, men sykle fram til Robru.

Turen tek om lag halvanna time. Gå litt i retning Gol. Kryss riksvegen og gå inn på ein grusveg t.h. Fylg denne vegen vidare gjennom eit gardstun. Ein fylgjer så den gamle kongevegen mot Hemsedal. Ta t.v og fylg skilt mot Magnetunberget. Stigen kjem opp til Rohaugen og går langs eit jorde. Ved husa tek stigen til høgde. Stigen kan vera litt vanskeleg å finne. Det er ganske bratt i skogsterreng. Forbi Magnetun er det også vanskeleg å finne stigen, men ta t.v. forbi berget. Det er flott utsyn mot Gol og mot Hemsedal. Ein går ned same vegen. Dersom ein ynskjer ein rundtur, kan ein fylgje merka stig i retning Grønlio. Så fylgjer ein den gamle kongevegen attende til Robru.

12. Sykkeltur frå Garnås gjennom Flatdalen

Utgangspunkt for turen er Garnås.

Med bil: T.v. ved Skysstasjonen. Følg r.v. 7 til Dokken og ta av t.h. til Garnås.

Køyr rett fram når vegen deler seg og køyr så langt det er asfalt. Parker her.

Dette er ingen rundtur, så bilen må hentast seinare.

Med sykkel: T.v. ved Skysstasjonen. Vidare til Gol Stasjon. Ruteomtale som tur 3 til Svenkerud. Kryss Hallingdalselva på r.v. 7, ta t.h. på fylkesveg mot Nes øst.

Etter 2 –3 km ta av mot sør på stig og kryss elva på smal hengebru ved Tyribakken. Opp mot Garnås stig det mykje, om lag 500 m.

Turen er på ca 30 km. Er utgangspunktet Gol Skysstasjon, blir turen på om lag 42 km. I Garnås finn vi Garnås Meteorittkrater. Det er vel verd å ta ein kikk på dette. Etter at siste garden er passert, følg vegen mot venstre. Denne er låst med bom. Vegen flatar ut, og vi er på veg inn gjennom Flatdalen. Det er idyllisk med fleire tjørnar og vatn. Vegen blir dårlegare, men det er greit å sykle. Eit stykke inn i dalen er det ein bratt bakke. Elles stig det ikkje mykje opp mot høgste punktet på 850 m.o.h. No går vegen langs E-CO Vannkraft si overføringsline. Det er lett nedover. Skogen er tynn, og det er godt utsyn nord- og vestover. Ned mot Ridalen blir det brattare. Nede i dalbotten kan ein fylgje skogsvegen langs jernbanen attende til Gol (som tur 3), eller ein kan fylgje gangvegen langs r.v. 7 ved å ta over elva ved Vermefoss.



Høgspentlina fylgjer med store delar av vegen. Elles er naturen urørt



Nystølvarden er Gol sitt høgaste punkt. Her får ein vidsyn om sikta er god.

13. Nystølvarden frå nord. Gol sitt høgaste punkt 1296 m.o.h.

Utgangspunkt for turen er Brenn på Golsfjellet.

Med bil: t.h. ved Skysstasjonen. R.v. 51 mot Fagernes om lag 22 km. Ta av t.h. mot Brenn. Bomveg. Kjør vegen fram til låst bom, ca 4 km. Parker her.

Gå grusveg vidare mot Vardhaug. Her går det merka stig. Etter ei tid er ein ute av bjørkeskogen og oppe i snaufjellet. Det er lett stigning i fjellterreng. Turen tek om lag 3,5 timar. Vel oppe på toppen er det flott utsyn. I sør kan ein på klare dagar sjå den karakteristiske Gaustatoppen ved Rjukan. I vest er det Hallingskarvet og i nord og nordvest Hemsedalsfjella og Jotunheimen. Her er det ingen ting å seie på vidsynet!

14. Nystølvarden frå sør

Utgangspunkt for turen er Nordre Frøysokstølan.

Med bil: T.v. frå Skysstasjonen. Køyr r.v. 7 i retning Oslo. Etter omlag 4 km, like etter Herad kyrkje, tek ein av t.v. mot Bagn. Vegen stig bratt oppover. Bomveg. Ta av t.v. ved Frøysokstølan. Ny bomveg. Parker ved låst bom etter om lag 21 km frå Gol.

Turen tek i overkant av 2 timar. Fylg grusveg til Nystølen. Frå Nystølen er det stig opp til Nystølvarden, om lag ein halv times gange. Sjå elles omtale tur 13.



Går ein frå sør, er det ein kort og lett tur opp på Nystølvarden.



Turalternativa er mange på Golsfjellet.

15. Golsfjellet aust - Ørterhovda

Utgangspunkt for turen er Ørterstølen Sportell.

Med bil: T.h. frå Skysstasjonen. Køyr r.v. 51 i retning Fagernes.

Ta av til Golsfjellet ved Fjellheim. Parker ved Ørterstølen Sportell.

På Golsfjellet er det mange stigar og godt utbygd turnett med karttavler og god skilting. Vi har vald tur til eit utkikkspunkt, men det er mange andre moglegheiter også. Dette er ein kort og lett tur med litt stigning. Start ved bilvegen om lag 500 meter nord for Ørterstølen Sportell. Fylg merka løype som går langs traktorveg i bjørkeskog. Ein kjem opp til toppen av eit skianlegg. Deretter er det sti i snaufjellet opp til toppen av Ørterhovda. Her er det flott utsyn til alle kantar. Nedatt kan ein fylgje merka stig til Guriset og attende langs bilvegen, eller ein kan gå merka stig om Storefjelltoppen og ned til Kamben og attende til utgangspunktet.

16. Golsfjellet rundt på sykkel

Utgangspunkt for turen er Fjellheim.

Med bil: T.h. frå Skysstasjonen. Kjør r.v. 51 i retning Fagernes.

Ta av ved Fjellheim. Parker her.

Dette er ein lett tur på grusveg i fjellterreng, om lag 36 km. Kryss r.v. 51 og sykle mot Oset. Ta t.v. ved stavkyrkja. Det er fint utsyn mot Tisleifjorden. Her kan ein også bade fleire stader. Sykle forbi Glomsrud og Golsfjell Fjellstue. Ta t.v. ved Lauvset og sykle vidare mot Skutuset. Her er det flott utsyn mot fjella i vest. Ved Skutuset ber det nedover mot Fjellheim att.



Delar av turen går langs Tisleia, ein innsjø som dannar grensa mellom Hallingdal og Valdres. Er det varmt i veret, ta med badetøy, for det er fleire fine stader å bade.

Allemannretten

Allemannretten gjeld i utmark der du kan ferdast fritt til fots og på ski, raste og overnatte, ri eller sykle på stigar og vegar, bade, padle, ro og bruke seglbåt, plukke bær, sopp og blomar. **Utmark** er udyrka mark, og omfattar det meste av vatn, strand, myr, skog og fjell i Noreg.

Innmark er all dyrka jord; åker, eng, kulturbeite, hage- og i tillegg yngre plantefelt, gardsrom, hustomt og industriareal. Over visse typar innmark som åker og eng kan du likevel ferdast på frosen eller snødekt mark i tida 15.10.- 30.4. Du skal alltid, anten du ferdast gjennom innmark eller utmark, late att grunder etter deg og vise omsyn til dyr på beite. Har du hund, respekter bandtvangen.

I Gol kommune er det bandtvang 1. april – 15. oktober. Ver også varsam med eld – hugs at du ikkje kan tenne bål i eller i nærleiken av skogsmark i tida 15. april – 15. september.

Dei 16 turane saman med andre turar kan ein også finne i turkart for Gol som er til sals hjå Perstølen*Libris, Gol Reisemål, Gol idrettslag, idrettskontoret, Gol kommunehus, hotell, fjellstover og campingplassar.

Utgjevar: Gol kommune, kultur og informasjon og Gol Reisemål as.
Tekst og foto: Hallvor Lilleslett.
Oppsett, foto og trykk: Gol Grafiske as



Pernille og Eivind er på tur ut av Tjuvkjellaren, ei grotte ved Foten av Farsetberget (tur 1)